

## Saksprotokoll i 21.04.2020 - kontrollutvalet

### Handsaming i møte

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- |   |                              |
|---|------------------------------|
| • Fylkestinget  | 10.02. og 03.-04.03.2020     |
| • Fylkesutvalet                                       | 14.02. og 26.03.2020         |
| • Finansutvalet                                       | 26.03.2020                   |
| • Hovudutval for opplæring og kompetanse              | 13.02. og 10.03.2020         |
| • Hovudutval for samferdsel og mobilitet              | 13.02. og 11.03.2020         |
| • Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon | 13.02., 11.03. og 16.04.2020 |
| • Hovudutval for kultur, idrett og integrering        | 03.04.2020                   |

I samband med gjennomgang av møte i finansutvalet 26.03.2020 kom det fram at det er ei sær s høg gjeldsgrad i Vestland fylkeskommune. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med eit notat til neste møte i utvalet der han gjer greie for korleis han ser på den høge gjeldsutviklinga i fylkeskommunen. Av notatet bør det også gå fram kva type gjeld det er snakk om.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med eit notat til neste møte i utvalet der han gjer greie for korleis han ser på den høge gjeldsutviklinga i Vestland fylkeskommune. Av notatet bør det også gå fram kva type gjeld det er snakk om.
2. Notatet vert å levere sekretariat seinast innan 29.04.2020.
3. Kontrollutvalet tar møteprotokollane elles til orientering.